

Skjemaet «Sett hjort» gir oss viktige opplysningar om utviklinga i hjortebestanden. Dette er verdifull hjelp for å få kunnskap om den lokale hjortebestanden. Du og observasjonane til jaktlaget ditt er viktige i dette arbeidet. Ver derfor nøye med å fylle ut «Sett hjort»-skjemaet **klar dag**, også dei dagane jaktlaget jaktar utan å sjå hjort.

Viktige punkt ved utfylling:

- Sett hjort på innmark skal først på eiga linje som ei eiga jaktøkt. Hugs å krysse av i kolonnen «Innmark».
- I kolonnen «Kor mange timar jakta laget?» fører ein kor mange timar jaktlaget faktisk brukte til observasjon. Dersom 4 jegerar har jakta i 6 timar, skal det først 6 timar i rubrikken «Kor mange timar jakta laget?» og 4 i rubrikken «Kor mange jegerar?».
- Med spissbukk meiner vi bukkar som har éi gevirstong utan forgreiningar på kvar side.
- Alle direkte observasjonar av hjort skal først, uavhengig av om hjorten er sett tidlegare same dag av same jegeren eller av dei andre jegerane i jaktlaget.
- Berre direkte observasjonar av sette dyr skal takast med, og berre observasjonar ein gjer på ordinære jakt dagar.

- Valdansvarleg må passe på at jaktlaget fyller ut skjema kvar dag.

Sette elg

Registrering av sett elg gir forvaltninga ei betre oversikt over utbreiinga av elg og kor stor bestanden er i område der arten er nyleg etablert eller førekjem spreidd. Eige «Sett elg»-skjema bør nyttast i område der òg elg blir jakta på under hjortejakta.

* Her fører ein kor mange elg som i alt vart sette under hjortejakta. Ein tek berre med direkte synsobservasjonar.


Sette rovdyr

I forvaltninga av både hjortevilt og rovdyr vil det vere viktig å få auka kunnskap om bestandane av gaupe, jerv, bjørn og ulv.


** Her fører ein kor mange rovdyr som i alt vart sette under hjortejakta. Ein tek berre med direkte synsobservasjonar.

Aldersbestemming av skoten hjort


Dette skjemaet kan ikkje brukast for andre hjortedyr.




Ca. ½ år
Hjorten har første hausten etter at han er fødd, 4 kinn tenner i kvar kjevehalvdel. Den 3. kinn tanna framanfrå er på dette alderssteget tredelt (a, b, c).




Ca. 1 ½ år
Hjorten har andre hausten etter at han er fødd, 5 kinn tenner i underkjeven. Den 3. tanna framanfrå er framleis tredelt (a, b, c).



Ca. 2 ½ år
Når hjorten er 2 ½ år, har han fått 6 kinn tenner. Den 3. tanna framanfrå er no ny og todelt (a, b). Dei tre fremste tennene er nye og utan slitasje. Tannsettet er no fullt utvikla.



Ca. 3 ½ år
Når hjorten er 3 ½ år og eldre, blir aldersbestemminga etter skjøn. Slitasjen på tennene er avhengig av kor harde tennene er, og av dei næringstilhøva hjorten lever under. For ein 3 ½-åring er dei 3 første kinn tennene ubetydeleg slitne.



Eldre enn 3 ½ år
Eldre dyr (3 ½ år og eldre) kan aldersbestemast ved sliping av tennene – som gjer at ein får fram vekstsoner i tennene – på tilsvarande måte som åringar på tre.